


Vanylven kommune

OSE AS
 Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta
 Tlf 70 04 52 20
 firma@oseing.no

oseing.no

Vår ref.: P1843 Dato 18.08.2022

Planinitiativ til detaljplan MOWI Rovde, del av gbnr. 111/1 m. fl. – Vanylven kommune



Figur 1 Framlegg til plangrense for detaljplan MOWI Rovde.

Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Planstatus	2
3.	Konsekvensutgreiing.....	3
4.	Administrativ eller politiske avklaringar	7
5.	Føringar for planarbeidet	7
6.	Framlegg til plangrense.....	8
7.	Presentasjon planideen.....	9
8.	Tiltaket sin verknad på landskap og omgivnad.....	10
9.	Vesentlege interesser som blir råka av planarbeidet.....	10
10.	Funksjonell og miljømessig kvalitet	10
11.	Medverknad/samarbeid/interessekonflikt	10
12.	Framdriftsplan	11
13.	ROS, samfunnstryggleik	11
14.	Analyser/utgreiingar.....	11
15.	Tema i konsekvensutgreiing (KU)	13
16.	Fagkunnig	14

1. Innleiing

1.1 Planinitiativ

Etter [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl.](#) skal det utarbeidast planinitiativ til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte etter pbl. § 12.8. Planinitiativet skal i nødvendig grad omtale premissane for det vidare planarbeidet, og gjere greie for punkta i § 1 til forskriftera.

1.2 Lokalisering

Planområdet ligg ved Sundnesbogen i Rovde, ved fylkesveg 652 i Vanylven kommune.

1.3 Bakgrunn

Planinitiativet er med bakgrunn i at det er ønskelege å leggje til rette for utviding og auke av dagens produksjon av fisk – for å auke snittvekter på smolten før utsetting i sjø, som er eit viktig tiltak mot luseutfordringar, leggje betre til rette for lasting av brønnbåt og transport på kjøl av fôr til anlegga.


Initiativtakar: MOW ASA

Plankonsulent: OSE AS

1.4 Målet med planen

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Å auke produksjon av smolt
- Å leggje til rette for at fisk med større snittvekter kan setjast ut i sjø
- Føre opp nye produksjonsbygg med nødvendige funksjonar
- Kai for å betre transport på kjøl
- Fylle ut i sjø for å auke næringsareal
- Sikre/gjenbruk av matjord
- Regulere areal til gang- og sykkelveg
- Tiltak for trafikktrygging (avkøyrsler)




Figur 2 Lokalisering av planområdet, markert med blå avgrensing

2. Planstatus

Overordna planar

I kommuneplanen sin arealdel har planområdet formål sett av til næring, naust, småbåthamn, LNF (Landbruk-, natur- og friluftsliv), NFFF1 (Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel), veg, gang- og sykkelveg. Det er omsynssone for skred for del av planområdet. Planområdet ligg inntil areal sett av til bustadformål.



Figur 3 Utsnitt av kommuneplanen sin areal som syner arealbruken i og ved planområdet, framlegg til planområde er synt med stipla linje.

Reguleringsplanar

Det er ikkje regulert i eller ved planområdet.

Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering.

3. Konsekvensutgreiing

Det er ønskeleg å leggje til rette for auka produksjonskapasitet for smolt og leggje til rette for at fisken kan vere lenger på land før den skal ut sjø for vidare oppforing til matfisk. Auka snittvekter på smolten er eit viktig tiltak for å løyse handtering av luseutfordringar. Det må difor leggjast til rette for nye bygningars med grunnflate i storleiken $20\ 000\ m^2$, ikkje prosjektert endå, grave ut på land og fylle ut i sjø for å få tilstrekkeleg stort tomteareal for bygningars, ny kai og nødvendig manøvreringsareal. Masse som må fjernast er grovstipulert til $300\ 000 - 400\ 000\ fm^3$. Det er mogleg å få tak i sprengstein i nærområdet for masse til utfylling i sjø, masse frå tomt sør for fylkesvegen kan delvis nyttast også. Nytt anlegg skal vere RAS-anlegg, som vil gje liten negativ påverknad til omgjevnaden. Eksisterande anlegg er forsynt med ferskvatn frå Videildselva/Sundneselva, med vassdragskonsesjon frå NVE og juridiske rettar frå grunneigarar. Det blir søkt om utviding av utsleppsløyve og konsesjon for lokaliteten for å auke volum frå lokaliteten.

Næringa har seinare år auka snittvektene på smolt før utsett i sjø. Hovudårsaka til dette er å redusere produksjonstid i sjø og betre kunne handtere krava på lusenivå og handtering av desse på en meir føreseieleg måte. Gevinsten størst på vårutsett smolt som med større utsett vekt vil unngå meir enn en sommar i sjøen og avlaste ståande biomasse og fisk i periodar der lusetrykket er som størst.

Rovde er lokalisert i område der vi har fleire lokalitetar i sjø og er vurdert som utbyggingsplass for ei kraftig oppgradering og fornying på anleggsmasse, produksjon og tilsette og det planleggast eit stort anlegg med ei bygningsmasse på om lag 20.000 m². Til samanlikning er anlegget i Steinsvik under 10.000 m².

Vurdering av planarbeidet etter konsekvensutgreiingsforskrifta (KU):

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Framlegg til arealbruk av området er delvis i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, der om lag tredjeparten av framlegg til planområdet er sett av til næringsformål.

Det vert lagt opp til ny bygningsmasse på over 15 000 m² BRA. Det vert lagt opp til å regulere og byggje ny kai for skip over 1 350 tonn. Det blir sjekka om skip over 1 350 t har nytta eksisterande kai. Etter vedlegg I nr 8 og 24 i forskrift om konsekvensutgreiing er det krav om KU dersom det blir lagt opp til nyetablering av hamn for skip over 1 350 tonn, og der det blir bygd næringsbygg med bruksareal på over 15 000 m². Det vert krav om KU etter vedlegg I, med planprogram. Dersom skip over 1 350 tonn har nytta eksisterande kai, vert ikkje dette KU-tema.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskrifta:

Egenskapar for planen/tiltaket:

a) Storleik, planområde og utforming

Planområdet er på om lag 120 daa. Arealet femnar om areal som er nytta til landbruksdrift, næring (treindustri, akvakultur, masseuttak), veg og sjøareal. Austleg del av planområdet er utforma for å sikre tilstrekkeleg areal til ønska utbygging, areal heilt i sør er for å sikre at mellombelse tiltak knytt til tomtearbeidet vil ligge innanfor planområdet, arealet skal tilbakeførast til landbruksareal, sjå illustrasjon under. Mot nord er det teke med sjøareal for å sikre at fyllingsfoten kjem innanfor planområdet, det vert ikkje lagt opp til større landutfylling enn det som det er opna for i arealdelen. Mot vest er det arealdelen som legg føringar for plangrensa. Langs fylkesvegen er det teke med ekstra areal for å sikre fri sikt frå avkøyrsler.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert lagt opp til bruk av naturressursar, landbruksjord. Ressursen er avgrensa førekomst.

Det blir lagt opp til å nytte minst mogleg dyrkajord. Det er forsøkt kartlagt kompenserande tiltak vedkomande dyrka mark. Det er ilag med Paul Sindre Vedeld (gardbrukar på Rovde) sett på moglege areal for kompenserande tiltak for å reetablere tilsvarande dyrkingsfelt.

Tomta for anleggsutbygging vil på krevje en del masseuttak som passer godt til formålet på desse stadane. Det er ikkje avklart med grunneigar men for på dette punktet å synleggjere områder. Vedlagde skisse viser nærliggande areal, og arbeider vidare med aktuelle plassar for

dette. I nærområdet viser dette å kunne tilføre tilsvarende areal som det vi legg beslag på og skal utgreie vidare moglegheiter utover dette. KU-tema.



Figur 4 Moglege kompenseringe tiltak for å redusere konsekvensar av nedbygging av dyrka jord.

c) Avfallsproduksjon og utslepp


Anlegget vert etablert med så kalla RAS/resirkulering der alt vatn vert reinsa, kontrollert og sirkulert i samsvar med kjent teknologi. Produksjonen vil då redusere bruken av vatn i samband med produsert fisk med at ein brukar 1-3 % nytt vatn under produksjon og alt vatn vert reinsa i filter og biologisk. Det vert også halde jamnare forhold på temperatur og andre parameter slik at det vert ein jamn produksjon gjennom heile året. Det er tenkt å etablere 3-4 nye avdelingar i tillegg til dei bygga som er på anlegget i dag. Dagens bygningsmasse vert også oppgradert og tilordna som klekkeri og startföring for å forsyne dei nye store hallane.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikkje auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

- a. Planen vil ikke medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø. Konsekvensar av tiltaket kan medføre påverknad for sjølivet utover fysisk arealbruk. Konsekvensar av tiltaket må vurderast.
- b. Planen vil ikke medføre tiltak som vil skade truga artar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Det er registrert naturtype tareskog med stortare innanfor planområdet, verdi viktig, og art med særleg stor forvaltningsinteresse – Owenia borealis - børstemark. Det kan fyllast ut i sjø for ei strekning på om lag 500 m, det er registrert naturtype stortare innanfor utfyllingsområdet, og utfylling i sjø kan påverke marint liv utover planområdet. På grunn av dette blir naturmangfold KU-tema. Det er registrert SEFRAK-bygg frå før 1850 innanfor planområdet, men det ser ut som naustet har vorte fjerna.
- c. Planen/tiltak kjem delvis i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona. Tiltak mot sjø er i kommuneplanen sin arealdel sett av som utbyggingsområde, fyllingsfot vil kome utanfor.
- d. Det vert lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka. Planen vil få negative konsekvensar for landbruksdrift. Det vert lagt opp til omdisponering av landbruksareal på om lag 13 daa. Konsekvensar av tiltaket må KU-vurderast, må vurdere avbøtande tiltak.
- e. Det blir ikke lagt opp til særleg auka miljøbelastning.
- f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.



Figur 5 Oversikt over areal for mellombelse tiltak i sør og fylling under havnivå i nord.

g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.

h. Risiko for alvorlege ulykker som følge av naturfarar er truleg liten. Må avklare grunnforholda i området, aktsemd for flaum og skred.

Planlagde tiltak vert vurdert til å medføre vesentleg verknad for miljø og samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta, dette gjeld omdisponering av dyrka areal og påverknad naturmangfold.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan MOWI Rovde utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

4. Administrativ eller politiske avklaringar

Det har vore dialog administrativt med tiltakshavar, men ikkje politiske avklaringar.

5. Føringar for planarbeidet

Lov og forskrift

- Plan- og bygningslova (tbl.)
- Forskrift til tbl.
- Naturmangfaldlova
- Forskrift om konsekvensutredning
- Minerallova
- TEK17

Føringar for planområdet:

- Nasjonalt

[Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging](#)

[RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)

[Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen](#)

[Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#)

[Statlige planretninglinjer for klima – og energiplanlegging og klimatilpassing](#)

- Regionalt

[Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021 – 2024](#)

[Regional delplan for klima og energi](#)

[Regional delplan for attraktive byar og tettstadar](#)

- Kommunalt

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel


6. Framlegg til plangrense

Plangrensa følgjer eigedomsgrense til gbnr. 111/2 mot aust, men er trekt unna naust nord for fylkesvegen. Mot nord er grensa lagt ut i sjø for å sikre tilstrekkeleg areal for fyllingsfoten til sjøfylling. Mot vest følgjer plangrensa formål næring i kommuneplanen sin arealdel. Mot sør er plangrensa lagt parallelt om lag 10 m nord for Enebakkvegen. Langs fylkesvegen både mot aust og vest er plangrensa utvida for å sikre tilstrekkeleg areal for frisikt frå avkørsler/kryss. Innanfor planområdet står det fleire næringsbygningar. Arealet er på omlag 120 daa. Det kan vere aktuelt å utvide plangrensa mot aust i strandsona, for å redusere nedbygging av landbruksareal. Skal avklarast med kommunen før varsling.

6.1 Verknad utanfor planområdet

Det blir lagt til fleire nye bygningar i strandsona, truleg med høgde inntil 12 m med golv på kote 3 m. I sørleg del av planområdet er det ønskeleg å grave ut tomt for å kunne ha golv på om lag same høgde som fylkesvegen – kote 6 - 7 m. Ny bygningsmasse nord for fylkesvegen vil bli mest synleg, nord for fylkesvegen vil nye bygg lagt inn i terrenget, og bli delvis kamuflert. Planområdet ligg inne i ei bukt, og vil ikkje vere spesielt eksponert frå sjøen. Det er fleire større bygg innanfor planområdet, terrenget er kupert i og ved planområdet, fjernverknaden av tiltaka vil truleg ikkje vere så stor på grunn av skalaen av landskapet i området. Det må påreknaust auka trafikk til/frå planområdet. Anleggsverksemnd vil gje påverknad utanfor planområdet.

Verknad utanfor planområdet vert vurdert i planomtalen, landskapsverknad blir KU-tema.



Figur 6 Tidleg forprosjektering av nytt anlegg sett frå nord.

7. Presentasjon planideen

Bakgrunn for regulering

Tilrettelegging for å bygge vidare på akvakulturklyngje, vidare samlokalisering som vil gje rasjonell utnytting av infrastruktur og bruk av ressursar.

Bygningar, anlegg og tiltak

Tilrettelegging for nye produksjonsbygg og utviding av kai, sikring av areal til ny gang- og sykkelveg.

Utbyggingsvolum; byggjehøgde og utnytting

Det blir lagt opp til byggjehøgde med gesimshøgd inntil 15 m over planert terreng, eventuelle mindre installasjonar kan byggjast høgare, blir avklart i vidare planprosess.
Utnyttingsgrad inntil 80 % BYA,

Verknad på og tilpassing til landskap og omgivnad


Det blir vurdert krav til estetikk, materialbruk, fargeval og utforming av nye bygg for å tilpasse utbygginga til landskap og omgivnad.

Utviklingsfasar

Det blir vurdert/omtalt i planomtalen korleis området skal utviklast.

Rekkjefølgjekrav

Det blir ikkje lagt opp til rekkjefølgjekrav. Nødvendig veg og teknisk infrastruktur er bygd ut for planområdet.



Figur 7 Tidleg forprosjektering av nytt anlegg sett frå sør.

8. Tiltaket sin verknad på landskap og omgivnad

Tiltaka vil få landskapsverknad med endring av terreng og ny bygningsmasse. Det blir vurdert krav om materialbruk, fargeval og utforming av nye bygg for å tilpasse/redusere konsekvensar av utbygging i høve landskap og omgivnad.

9. Vesentlege interesser som blir råka av planarbeidet

Vesentlege interesser blir ikkje påverka. Utfylling i sjø vil vere relativt avgrensa. Det må vurderast krav om avbøtande tiltak i høve naturmangfald, både marint og terrestrisk. Til dømes når på året det kan skje utfylling/arbeid i sjø, for å redusere negativ påverknad. Konsekvensar av landskapsverknad og nedbygging av dyrka jord må vurderast i planen, og eventuelt avbøtande tiltak.

10. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Plandokumenta vil gje vurdering av samfunnstryggleik, klimatilpassing, biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, landskapsverknad, kulturminne og kulturmiljø m.m.

11. Medverknad/samarbeid/interessekonflikt

Medverknadsstrategi

Behov for medverknadsmøte blir vurdert etter varsling av oppstart av planarbeid.

Interesser/interessentar som blir råka av plan

- Naboar
- Offentleg mynde

Varsling av planarbeid

I samband med oppstart av planarbeid skal varsel sendast til:

- Statens vegvesen
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- NVE
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Fiskeridirektoratet
- Kystverket
- Mattilsynet
- Mørenett
- Vanylven kommune
- Naboar

12. Framdriftsplan

Framlegg til framdriftsplan:

Hending / tid	Sept	Okt	nov	des	Jan	Feb	mar	Apr	Mai	Juni
Varsling oppstart med planprogram										
6 vekers høyring										
Arbeid prosjektering/fagutgreiingar										
Utarbeidning plandokument med KU										
Oversending plandokument til kommunen										
Høyring av plandokumenta, 6 veker										
Nødvendige avklaringar										
Vedtak av planen										

Figur 8 Framlegg til framdriftsplan reguleringsplan MOWI Rovde.

13. ROS, samfunnstryggleik

Det blir gjennomført ROS-analyse, med samandrag i eige kapittel i planomtalen. Tema som er aktuelle å ta omsyn til er skredfare, flaumfare, naturmangfold, klimaendringar, trafikk, forureining, landbruk, havnivåstigning/stormflo og grunnforhold. Ikkje uttømmande.

14. Analyser/utgreiingar

Moglege utgreiingar:

Grunnforhold – geoteknikk

Del av planområdet ligg under marin grense, det må gjennomførast utsjekk av grunnforholda under marin grense. Det blir lagt opp til grunnboringar både på land og i sjø.

Grunnforhold – forureina grunn

Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor planområdet. I samband med grunnboringar blir det teke prøver frå sjøbotnen for å sjekke om det er forureina grunn. På grunn av storleiken av utfylling i sjø kan det bli krav om løyve etter forureiningslova.

Skred

Del av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang, må gjennomførast fagvurdering av skredfare i bratt terreng.

Flaum/stormflo

Elva som renner gjennom planområdet er registrert med aktsemdsområde for flaum. Det må gjennomførast fagvurdering av flaum. Konsekvensar av stormflo/havnivåstigning blir vurdert i planomtalen.

Trafikkutgreiing

For fv652 er det registrert ÅDT på 400 køyretøy, det blir auka trafikk frå planområdet. Blir vurdert i planomtalen.

Vegsystem

Vurdering av dimensjoneringsklasse, frisikt, vegnormal, kryss/avkørysle, vurdering sanering av avkøyrslar m.m.

Støyutgreiing

Det vil truleg ikkje vere behov for støyutgreiing. Omsøkt tiltak gjev liten støy. Blir vurdert å sette krav til grenseverdiar for støy i samband med anleggsverksemnd.

Kulturmiljø og kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor eller like ved planområdet. Om det blir krav om arkeologisk registrering blir avklart i samband med varsling av oppstart av planarbeid. Det er registrert nyare tids kulturminne i og ved planområdet, men registrert SEFRAK-bygg innanfor planområdet ser ut til å vere fjerna.

Klimatilpassing

Vurdering av konsekvensar av klimaendringar i planomtalen, vil truleg gjelde meir intensiv nedbør og havnivåstigning.

Vatn-, avløps- og overvasshandtering

Avklarast i dialog med kommunen, omtale i planomtalen.

Bygningsmiljø og -volum

Det er usikkert kor mykje bruksareal (BRA) det vil bli innanfor planområdet endå, truleg rundt 20 000 m² BRA. Men nokså sikkert at det blir over 15 000 m² BRA. Blir KU-tema

Kaianlegg

Eksisterande kai innanfor planområdet har ikkje vore nytta til skip over 1 350 tonn. Det vert lagt opp til ny kai for skip over 1 350 tonn for å leggje til rette for mest mogleg transport på kjøl – for og slam. Blir KU-tema. Det blir sjekka opp kor store skip som har nytta eksisterande kai, mogleg den har vore nytta av skip større en 1 350 t, då fell KU vekk.

Friluftsliv

Truleg små konsekvensar sidan området ikkje er så lett tilgjengeleg, delvis privatisert og bygd ut. Vurdering av konsekvensar for friluftsliv i planomtalen.

Strandsone

Planlagt tiltak vil medføre konsekvensar for strandsona, må vurdere eventuelle avbøtande tiltak i planarbeidet. Sidan heile strandsona innanfor planområdet er lagt ut som utbyggingsformål i arealdelen, vert ikkje temaet teke inn i KU, men skal vurderast i planomtalen.

Naturmangfald

Det er ikkje registrert truga eller sårbare artar, viktige naturtypar, verneområde eller liknande i eller like ved planområdet. Det kan fyllast ut i sjø for ei strekning på om lag 500 m, det er registrert naturtype stortare innanfor utfyllingsområdet med verdi viktig, og utfylling i sjø kan påverke marint liv utover planområdet. På grunn av dette blir naturmangfald KU-tema.

Landskapsverknad

Planen vil leggje opp til utfylling i sjø med næringsbygg, kai og terrengeinngrep. Konsekvensar av tiltaka må vurderast, med eventuelle avbøtande tiltak. Blir KU-tema.

Utfylling i sjø

Planen legg opp til utfylling i sjø for eit område hovudsakleg i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Konsekvensar av utfylling i sjø må vurderast, både planomtale og KU (naturmangfald).

Barn og unge

Truleg små konsekvensar sidan området innanfor planområdet ser lite brukt ut, det er langt til større bustadområde og det er store bustadar tomter i bygda. Vurdering av konsekvensar for barn og unge i planomtalen.

Folkehelse

Vurdering av konsekvensar for folkehelse i planomtalen.

Landbruk

Blir vurdert til å medføre negative konsekvensar. Vurdering av konsekvensar for landbruk i planomtalen, vurdere avbøtande tiltak.

Arbeidsplassar

Anlegget har i dag 6 faste tilsette. Med ei utbygging slik vi ønsker å få til vil talet på tilsette aukast med 15 tilsette utifrå tilsvarande anlegg som er bygd. Det vert og meir spesialiserte funksjoner innan biologi/RAS teknologi og teknisk/automasjon og delen kvinnelege sokjarar har auka kraftig med behovet av slike stillingar og på dei nye anlegga generelt.

Handelsanalyse

Ikkje behov.

Stadanalyse

Ikkje behov.

15. Tema i konsekvensutgreiing (KU)

Tema for KU vil vere :

- Konsekvensar for landskapsverknad
- Konsekvensar for næringsareal over 15 000 m² BRA
- Konsekvensar for kai for skip over 1 350 tonn (usikker)
- Konsekvensar naturmangfald

- Konsekvensar landbruk

16. Fagkunnig

OSE AS

OSE er rådgjevande ingeniørar og arkitektar innanfor bygge- og anleggsteknikk, landskapsarkitektur, arealplanlegging, VVA, prosjekt- og byggeleiing, taksering og verdsetting av fast eigedom. OSE har rådgiving i tidleg fase og komplett prosjektering av alle fag i samarbeid med andre kvalifiserte føretak. OSE har 22 tilsette fordelt mellom fire tenesteområde:

- Plan og arkitektur
- Byggjesak og uavhengig kontroll
- Byggjeteknikk og prosjektstyring
- Taksering av skader og eigedom

Prosjektleiar

Arealplanleggar Bjarte Friisvold vil stå for planarbeidet. Bjarte har master i arealplanlegging frå UMB 2010. Etter utdanninga har han jobba i ulike kommunar og starta i OSE AS hausten 2017. Bjarte har allsidig erfaring med planarbeid, kompetanse med offentleg og privat planarbeid, kommuneplanar, områderegulering, detaljregulering, konsekvensutgreiing og dispensasjonar.

Med helsing



Bjarte F Friisvold

Seksjonsleiar PA/Arealplanleggar

Mob 974 89 987 / e-post: bjarte@oseing.no

[Oseing.no](http://oseing.no)

Vedlegg

Ulike kart med plangrense datert 15.07.2022